



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE



Reglement for folkevalte sin innsynsrett i Åmli kommune

Vedteke i kommunestyret 26.9.2013, sak K-13/111

INNHOLD:

1	Kommunestyret og andre folkevalgte organ sin rett til innsyn i saksdokument.....	3
1.1	3
1.2	3
2	Vedtak om innsyn.....	3
2.1	3
2.2	3
2.3	3
3	Tidspunkt for rett til innsyn.....	3
3.1	3
3.2	3
4	Særreglar for innsyn i taushetsbelagte opplysningar m.m.	4
4.1	4
4.2	4
5	Framgangsmåten ved krav om innsyn - Forholdet til administrasjonen.....	4
5.1	4
5.2	4



1 Kommunestyret og andre folkevalgte organ sin rett til innsyn i saksdokument

1.1

Kommunestyret har, som overordna organ for heile den kommunale forvaltning, rett til innsyn i alle kommunale saksdokument med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2

Formannskapet, faste utval og andre folkevalte organ har rett til innsyn i saksdokument som omfattar dei deler av kommunen si verksemd som ligg innanfor organet sitt virkeområde.

Dessutan kan desse organa kreve innsyn i dokument innanfor andre virksomhetsområde når dokumenta er nødvendige for organet si behandling av ei konkret sak.

2 Vedtak om innsyn

2.1

Eitkvart medlem og varamedlem av folkevalt organ har rett til innsyn i dokument i saker som vert behandla i organet.

2.2

Minst tre medlemmer i kommunestyret kan kreve innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn er inntrådt, jf. pkt. 3.

Ordføraren har ein sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarende grunnlag.

2.3

Formannskapet, faste utval og andre folkevalte organ kan vedta innsyn for sin bruk i andre organ sine saksdokument når minst 1/3 av medlemmene stemmer for det.

3 Tidspunkt for rett til innsyn

3.1

Retten til innsyn inntrer når saka er lagt fram/utsendt til politisk behandling.

Med saksfremstillinga skal følgje ein oversikt over alle dokumenta som er sendt inn, innhenta eller utarbeidd i tilknytting til saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2

For saker som vert avgjort i administrasjonen gjeld retten til innsyn fortsatt frå det tidspunkt saka er ferdigbehandla.

4 Særreglar for innsyn i taushetsbelagte opplysningar m.m.

4.1

I utgangspunktet omfatter ikkje folkevalte sin rett til innsyn taushetsbelagte opplysningar. Kommunestyret og andre folkevalte organ kan likevel ved fleirtallsvedtak kreve innsyn i taushetsbelagte opplysningar når det er eit klart behov for dette ved behandling av ei konkret sak i organet, jf. forvaltningsloven § 13 b nr. 2 og 4.

4.2

Folkevalte plikter å vere tause om dokument dei får innsyn i når desse er underlagt taushetsplikt etter lov. Når ei sak vert behandla for lukka dører etter kommunelova § 31, plikter dei folkevalte å vere tause om opplysningar som etter lov er underlagt taushetsplikt. Medlemmer av folkevalte organ skal underteikne taushetserklæring når dei får innsyn i taushetsbelagte opplysningar.

5 Framgangsmåten ved krav om innsyn - Forholdet til administrasjonen

5.1

Spørsmål om innsyn i saksdokument skal behandles straks. Slike krav til administrasjonen skal skje til rådmannen eller rett avdelingsleiar.

5.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under behandling, bør svarast positivt på med ei kort orientering om behandlingsmåte, tidsplan o.l.

